



# PROTOKOLL

frå nominasjonsmøte i  
Vestland Venstre  
for  
valkrinsen Hordaland

**laurdag 13. februar 2021**

Digitalt møte på Zoom

---

**Arne Lier**

Vald protokollsignatar

---

**Kristin Golf**

Vald protokollsignatar

## Sak 1. Opning

Fylkesleiar Åsta Årøen ønskte velkommen og opna nominasjonsmøtet kl. 10.50.  
Ho tok namneoppdrag og val av møteleiarar.

### Delegatliste nominasjonsmøtet 2021 Hordaland valkrins

#### Fylkesstyret

##### (dei årsmøtevalde medlemmene)

1. Åsta Årøen
2. Agnes Hoshovde Bernes
3. Geir Angeltveit
4. Elizabeth Toft Erichsen
5. Jo Lerheim

#### Alver Venstre:

6. Marius Hellan Hindenes
7. Rolf Nesheim
8. Sveinung Toft
9. Sigstein Århus

#### Askøy Venstre:

10. Merethe R. Hopland
11. Mikael Christensen
12. Kristoffer Robin Johannesen
13. Marit Helen Leirheim

#### Austevoll Venstre:

14. Bjørn Magne Hufthammer
15. Arne Lier

#### Bergen Venstre:

16. Heine Johansen
17. Miriam Seim
18. Galo J. Austegard
19. Julie Andersland
20. Erlend Horn
21. Grete Line Simonsen
22. Per-Arne H. Larsen
23. Ingrid Nergaard Fjeldstad
24. Tom Hiis Bergh
25. Ane Breivik
26. August Simonsen
27. Astrid K. Hårstad
28. Mathias Fischer
29. Geir Kjell Andersland
30. Saima Naz Akhtar
31. Njaal Neckelmann
32. Peder Lofnes Hauge
33. Gunn-Vivian Eide
34. Erling Birkeland
35. Christer Bendixen
36. Gard S. Johanson
37. Runar B. Mæland
38. Tallak L. Rundholt

39. Ingrid Bjørge-Engeland

#### Bjørnafjorden Venstre:

40. Astrid Dale
41. Kristian Harnes
42. Torodd Kinn

#### Bømlo Venstre:

43. Anne Beth Njærheim
44. Silje Sivertsen
45. Vanja Espeland

#### Etne Venstre

46. Kristin Golf
47. Jan Terje Rafdal

#### Kvam Venstre:

48. Ingrid Bjørke Nisamjan
49. Torbjørn Eide

#### Kvinnherad Venstre:

50. Kent Are K. Petterson
51. Synnøve Handeland

#### Masfjorden Venstre:

52. Alf Strand

#### Osterøy Venstre:

53. Bjørn Tore Sund
54. Kjersti Vevatne

#### Stord Venstre:

55. Chris-André Elvik
56. Camilla Elen Berg Larsen
57. Ove Steinsland

#### Sveio Venstre:

58. Andreas Kraaijeveld Enerstvedt
59. Knut Richard Hein Sønsteby

#### Ullensvang Venstre:

60. Guro Svenkerud Fresvik
61. Eivind Tokheim

#### Ulvik Venstre:

62. Håkon Gjerde
63. Ingrid Sponheim
64. Anders Kr. Oppheim

**Voss Venstre:**

65. Elin Seim  
66. Odrun Vellene Vevatne  
67. Ingebjørg Winjum  
68. Katrina Øvsthus Stavenes

**Øygarden Venstre:**

69. Brith Ediassen  
70. Børge Haugetun  
71. Ellen Pedersen  
72. Remi Lønøy

**Vestland Liberale Studenter:**

73. Erik Justus Grünert

**Bergen Liberale Studentforening:**

74. Synne Hveem

**Vestland Unge Venstre:**

75. Jens Håkon Birkeland

**Askøy Unge Venstre:**

76. Ole Magnus Njåstad Nynes

**Bergen Unge Venstre:**

77. Jørgen Hovland Mo.

**Unge Venstre NHH:**

78. Jean-Clément Lemaire

**Vestland Venstrekvinnelag:**

79. Kari Østervold Toft

**Midhordland Venstrekvinnelag:**

80. Birgitte Hjertaas

I tillegg til delegatane var det innlogga 21 observatørar i møtet ved start - deriblant ein del journalistar frå både Bergens Tidende, NRK, Vårt Land og NTB.

- *Godkjenning av innkalling og sakliste*

Innkalling vart sendt ut til lokallagsleiarar og sideorganisasjonane 12. januar og orientering om styret si avgjerse om digital gjennomføring av årsmøtet gjekk ut 19. januar.

**Vedtak:** Innkallinga til nominasjonsmøtet vart godkjent

Fylkesstyret sitt framlegg til **Sakliste** for nominasjonsmøta februar 2021 - Hordaland/Sogn og Fjordane valkrins

**Sak 1. Opning**

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Godkjenning av program

**Sak 2. Konstituering**

- Val av møteleiarar, referentar, fullmaktsnemnd, teljekorps og protokollsignatarar
- Vedtak av forretningsorden

**Sak 3. Innstilling frå fullmaktsnemnda****Sak 4. Leiar av nominasjonsnemnda gjer greie for nominasjonsprosessen og innstillinga****Sak 5. Nominasjon av valliste i valkrinsen for Vestland Venstre for stortingsvalet 2021**

- Generell debatt
- Kandidatpresentasjonar og eventuelle støttetaler
- Røysting på kandidatar
- Endeleg godkjenning av vallista

**Sak 6. Fullmakt til fylkesstyret om å supplere ved fråfall****Sak 7. Val av tillitsvalde for vallista**

**Vedtak:** Saklista for nominasjonsmøtet vart godkjent

- *Godkjenning av program*

Fylkesstyret sitt framlegg til **Program** for nominasjonsmøte i Vestland Venstre

### **Laurdag 13. februar**

10.15 *Møterommet opnar for delegatar frå Hordaland valkrins*

10.30 *Teknisk gjennomgang*

#### **10.45 Nominasjonsmøte for Hordaland valkrins opnar**

Opning - innkalling, sakliste og program godkjennast

Namneopprop - *sjå deltakarliste*

Konstituering

Innstilling frå fullmaktsnemnda

Leiar av nominasjonsnemnda gjer greie for nominasjonsprosessen og innstillinga

Generell debatt på listeforslaget

Kandidatpresentasjonar og eventuelle støttetalar

Nominasjon

Vedtak av fullmakt til supplering

Val av tillitsvalde for lista

Appellar

#### **12.15 Lunsjpause**

#### **13.00 Nominasjonsmøtet for Hordaland valkrins fortset etter lunsjpausen**

14.40 Nominasjonsmøte skal vere avslutta

Om nominasjonsmøtet ikkje skulle bli ferdig innan 14.40, må det setjast opp tid søndag morgon for avslutning av sakene.

**Vedtak:** Program for nominasjonsmøtet i valkrinsen vart godkjent

## **Sak 2. Konstituering**

- *Val av møteleiarar, referentar, fullmaktsnemnd, teljekorps og protokollsignatarar*

*Møteleiarar*

**Vedtak:** Grete Line Simonsen og Arvid Birkeland valt

*Referentar*

**Vedtak:** Gro Gjelsvik og Timo Kanehl valt

*Fullmaktsnemnd*

**Vedtak:** Fullmaktsnemnd for nominasjonsmøtet vert den same som for fylkesårsmøtet, samansett av Jo Lerheim, Vigdis Tonning, Ellen Pedersen, fylkessekretær Linda Ness Rotihaug og fylkessekretær Gro Gjelsvik.

Teljekorps

**Vedtak:** Merete R. Hopland, Christer ML Bendixen og Håkon Frode Særsten valt

*Protokollsignatarar*

**Vedtak:** Arne Lier og Kristin Golf valt

- *Vedtak av forretningsorden*

Fylkesstyret sitt framlegg til **Forretningsorden** for nominasjonsmøta i dei to valkrinsane i Vestland 13. februar 2021

**Om den generelle avviklinga av debatten:**

1. Nominasjonsmøtet vert leia av to møteleiarar som vert valde ved konstitueringa av møtet. Møteleiarane må sjå til at dei oppsette rammene for debatten vert haldne. Dei kan difor avgjere om avgrensa taletid skal innførast og gjere framlegg om når "strek" skal setjast.
2. Møtedelegatar med stemmerett får ordet i den rekkjefølgja dei melder seg på talarlista ved trykkje på symbolet «Raise hand».
3. Møteleiarane kan tillate inntil to replikkar til kvart debattinnlegg med følgjande svarreplikk. Ein replikk kan vere maksimum 1 minutt lang. Den skal vere retta til det føregåande debattinnlegget. Delegatane teiknar seg til replikk ved å trykkje på symbolet «Open mouth». (det symbolet mellom «latter og hjerte»). Møteleiar gir replikk til dei som først ber om det.
4. Eventuelle endringar i vedtatt forretningsorden krev 2/3 fleirtal.

**Om framlegg:**

1. Alle framlegg som vert sett fram til votering skal vere innsendt skriftleg innan dei fristar som er vedtatt for dette møtet. Andre framlegg skal formidlast skriftleg til møteleiar via chat eller anna løysing som er vedtatt for dette møtet.
2. Framlegg som gjeld sjølve møteavviklinga, t.d. om voteringsorden, taletid eller «strek», kan med møteleiar si tilslutning setjast under votering utan å vere fremma skriftleg.
3. Alternative forslag til nominasjonskomiteen si innstilling skal setjast opp mot ein bestemt person i denne innstillinga. Det er ikkje høve til å føreslå at ein person skal setjast inn på lista på ein bestemt plass, og at resten av namna skal forskyvast nedover.

**Om votering utanom personal:**

1. Møteleiar føreslår voteringsorden, og nominasjonsmøtet fastset denne før kvar votering når det gjeld saker der vedtektene ikkje fastset voteringsprosedyre. Endringsframlegg skal setjast opp mot innstillingane.
2. I opne voteringar voterast det med «grøn-yes» eller «rød-no»-knappane i Zoom. I skriftlege/anonyme voteringar vil det dukke opp et voteringsalternativ på skjermen (inne i Zoom), og delegaten kan der avlegge sitt svar
3. Når fleire alternative framlegg ligg føre, skal det først voterast over det mest ytterleggående, og til slutt alternativ votering mellom dei to siste framlegga, så langt ingen krev separat votering.
4. Det kan haldast prøvevotering.

### Presentasjon av kandidatar til nominasjonen:

1. Det opnast for at kandidatane til dei fem første plassane på det innstilte framlegget får høve til å presentere seg med ei taletid på inntil tre minuttar.
2. Eventuelle motkandidatar til dei fem første plassane får også høve til å presentere seg i inntil tre minuttar. Høvet gjeld berre ein gong overfor nominasjonsmøtet. Det opnast for inntil to støttetaler per kandidat med ei taletid på opp til to minuttar.
3. For kandidatar til plassane 6-10 på lista vert det gitt høve til å presentere seg i inntil to minuttar kvar, men utan støttetaler. Kandidatar til plasser lengre ned på lista (gjeld berre i Hordaland valkrins) får ikkje høve til å presentere seg.
4. Det er ikkje tillate med replikk til presentasjonar og støttetaler i nominasjonen.

### Valprosedyre:

1. Dersom det berre føreligg eitt forslag til ein eller fleire bestemte plassar på lista, og ingen krev skriftleg votering, kan vala gjerast ved akklamasjon. (Gjerast ved å trykkje på klappe-symbolet eller klappe synleg for kamera.)
2. Dersom det er to eller fleire kandidatar til ein og same plass, eller dersom minst ein utsending krev det, skal valet vere hemmeleg/skriftleg via Polls.
3. Å stemme blankt vert rekna som gitt stemme.
4. Den er vald som oppnår fleire enn halvparten av dei stemmene som er gitt
5. Dersom ingen kandidat i første valomgang oppnår fleire enn halvparten av dei gitte stemmene, skal det haldast omval. Er det fleire enn to kandidatar, fell kandidaten med færrest stemmer ut i kvar valomgang, inntil ein kandidat oppnår fleire enn halvparten av stemmene. Dersom to eller fleire kandidatar oppnår same lågaste stemmetal i same valomgang, vert det loddtrekking om kven av kandidatane som fell ut.
6. Når to kandidatar står att, er den vald som har fått flest stemmer.

....

Møteleiarane føreslo følgjande endring: Ein teiknar seg til innlegg og replikk ved å skrive i chat, ikkje ved bruk av «raise hand» og «open mouth»-reaksjon som er føreslått frå styret. Dette for at det skal vere enklare for møteleiarane og andre å følgje med på rekkjefølgja og kven delegatane teiknar seg til replikk på.

**Vedtak:** Forretningsorden vart godkjent med denne endringa

### Sak 3. Innstilling frå fullmaktsnemnda

Jo Lerheim frå fullmaktsnemnda la fram deira innstilling på tal på delegatar med fullmakt/stemmerett og møtet tok innstillinga opp til godkjenning.

**Vedtak:** Nominasjonsmøtet godkjente totalt 80 moglege delegatar med stemmerett

> Sjå delegatliste under sak 1

Det vart informert om at ein vil ta ny oppteljing på kor mange delegatar som er til stades før votering/røysting på kandidatar.

#### **Sak 4. Leiar av nominasjonsnemnda gjer greie for nominasjonsprosessen og innstillinga**

Leiar av nominasjonsnemnda i Hordaland valkrins, **Synnøve Handeland**, gjorde greie for nominasjonsprosessen og innstillinga.

#### **Sak 5. Nominasjon av valliste i valkrinsen for Vestland Venstre for stortingsvalet 2021**

- *Generell debatt*

Det vart sett 3 minuttars taletid frå start.

Desse hadde ordet: Erling Birkeland, Heine Johansen, Runar B. Mæland, Erling Birkeland (replikk).

- *Kandidatpresentasjonar og eventuelle støttetal*

Det var to kandidatar til førsteplassen.

Sveinung Rotevatn presenterte seg først (3 min), deretter Terje Breivik 3 min).

Geir Kjell Andersland heldt støttetale for Sveinung Rotevatn (2 min)

Anne-Beth Njærheim heldt støttetale for Terje Breivik (2 min)

Erlend Horn heldt støttetale for Sveinung Rotevatn (2 min)

Elin Seim heldt støttetale for Terje Breivik (2 min)

- *Røysting på kandidatar*

Nominasjonsnemnda si innstilling på førsteplassen:

1. Sveinung Rotevatn, Stad - Dissens: Terje Breivik, Ulvik

Votering på førsteplassen.

Møteleiarane la til grunn at det vert skriftleg/anonym votering.

Teknisk ansvarleg, Jo Lerheim, gjorde greie for korleis votering gjerast ved hjelp av funksjonen Polls i Zoom og hadde nytt namneopprop for å klargjere kven som var til stades før votering. Ved opprop måtte alle trykkje på «raise hand», evt «tommel opp» for å stadfeste at dei var til stades. Lerheim konkluderte då før votering at talet på delegatar til stades med stemmerett var 76.

Før votering vart alle som ikkje hadde stemmerett flytta ut i «venterommet».

Etter votering vart alle observatørar slept inn igjen i møterommet.

Resultatet av avstemminga vart delt på skjerm og det vart opplyst at 79 hadde stemt.

Sveinung 41 stemmer (52%)

Terje Breivik 38 stemmer (48%)

Møteleiarar og teknisk ansvarleg hadde sjekk av logg då talet var 79 gitte stemmer, ikkje 76.

Oppklaring av teknisk glipp ved Lerheim. Han hadde gløymt å telje seg sjølv, pluss at 2 delegatar hadde gammal versjon av Zoom og dermed fall «hendene» deira bort frå systemet før dei var telt.

Det vart stadfesta at det rette talet på delegatar med stemmerett var 79 under voteringa.

**Vedtak:** Sveinung Rotevatn er valt på førsteplassen på lista

*Møtet tok lunsjpause frå 12.15*

Nominasjonsmøtet fortsette kl. 13.00 etter lunsj.  
Etter lunsj var det berre 12 observatørar til stades i møtet.

Nominasjonsnemnda si innstilling:  
2. Ane Breivik, Unge Venstre/Bergen

Ane Breivik presenterte seg (3 min).  
Ingen andre kandidatar til andreplassen.

**Vedtak:** Ane Breivik valt ved akklamasjon

Nominasjonsnemnda si innstilling:  
3. Geir Angeltveit, Stord

Geir Angeltveit presenterte seg (3 min).  
Ingen andre kandidatar til tredjeplassen

**Vedtak:** Geir Angeltveit valt ved akklamasjon

Nominasjonsnemnda si innstilling:  
4. Ingrid N. Fjeldstad, Bergen

Ingrid N. Fjeldstad presenterte seg (3 min).  
Ingen andre kandidatar til fjerdeplassen.

**Vedtak:** Ingrid N. Fjeldstad valt ved akklamasjon

Nominasjonsnemnda si innstilling:  
5. Petter S. Ulriksen, Ullensvang

Petter S. Ulriksen presenterte seg (3 min).  
Ingen andre kandidatar til femteplassen.

**Vedtak:** Petter S. Ulriksen valt ved akklamasjon.

Nominasjonsnemnda si innstilling:  
6. Agnes H. Bernes, Alver

Agnes H. Bernes presenterte seg (3 min)



Ingen andre kandidatar til sjetteplassen.

**Vedtak:** Agnes H. Bernes valt ved akklamasjon.

Nominasjonsnemnda si innstilling:

7. Børge Haugetun, Øygarden

Børge Haugetun presenterte seg (3 min)  
Ingen andre kandidatar til sjuandeplassen.

**Vedtak:** Børge Haugetun valt ved akklamasjon.

Nominasjonsnemnda si innstilling:

8. Miriam L. Seim, Alver

Miriam L. Seim presenterte seg (3 min)  
Ingen andre kandidatar til åttandeplassen.

**Vedtak:** Miriam L. Seim valt ved akklamasjon.

Nominasjonsnemnda si innstilling:

9. Harald Queseth, Bergen

Queseth hadde rett før møtet meldt inn at han stiller plassen sin til disposisjon.  
Forslag frå Bergen Venstre, ved leiar Heine Johansen:  
Julie Andersland, Bergen, rykkjer opp til 9. plassen, medan August Simonsen, Bergen, får 10. plassen, der Julie opphavleg var innstilt.  
Julie Andersland presenterte seg.  
Ingen andre kandidatar til 9. plassen.

**Vedtak:** Julie Andersland valt ved akklamasjon

Nominasjonsnemnda si innstilling:

10. Julie S. Andersland, Bergen

Julie Andersland har fått 9. plassen og August Simonsen, Bergen var føreslått som kandidat til denne plassen.  
August Simonsen presenterte seg.  
Ingen andre kandidatar til 10. plassen.

**Vedtak:** August Simonsen valt ved akklamasjon

Møteleiarbordet opna for at resten på den innstilte lista også fekk presentere seg, sjølv om forretningsorden sette strek ved plass 10.

Nominasjonsnemnda si innstilling:

11. Heine Johansen, Bergen

Han presenterte seg kort.

**Vedtak:** Heine Johansen valt ved akklamasjon

Nominasjonsnemnda si innstilling:

**12.** Åsta Årøen, Bergen

Ho presenterte seg kort.

**Vedtak:** Åsta Årøen valt ved akklamasjon

Nominasjonsnemnda si innstilling:

**13.** Arild Raftevoll, Askøy

**Vedtak:** Arild Raftevoll valt ved akklamasjon

Nominasjonsnemnda si innstilling:

**14.** Kjersti I. Vevatne, Osterøy

Vevatne føreslo sjølv at ho bytar plass med Elin Seim på lista.

Elin Seim presenterte seg kort.

**Vedtak:** Elin Seim valt ved akklamasjon

Nominasjonsnemnda si innstilling:

**15.** Marius H. Hindenes, Alver

Han presenterte seg kort.

**Vedtak:** Marius H. Hindenes valt ved akklamasjon

Nominasjonsnemnda si innstilling:

**16.** Elin Seim, Voss

Elin Seim har fått 14. plassen og Kjersti I. Vevatne var føreslått til 16. plassen.

Vevatne presenterte seg kort.

**Vedtak:** Kjersti I. Vevatne valt ved akklamasjon

Nominasjonsnemnda si innstilling:

**17.** Erlend A. Horn, Bergen

Han presenterte seg kort

**Vedtak:** Erlend A. Horn valt ved akklamasjon

Nominasjonsnemnda si innstilling:

**18.** Astrid Dale, Bjørnafjorden

**Vedtak:** Astrid Dale valt ved akklamasjon

Nominasjonsnemnda si innstilling:

**19.** Geir Kjell Andersland, Bergen

Han presenterte seg kort.

**Vedtak:** Geir Kjell Andersland valt ved akklamasjon

Nominasjonsnemnda si innstilling:

**20.** Vanja Espeland, Bømlo

Ho presenterte seg kort.

**Vedtak:** Geir Kjell Andersland valt ved akklamasjon

Nominasjonsnemnda si innstilling:

**21.** Kari Østervold Toft, Øygarden

Ho presenterte seg kort.

**Vedtak:** Kari Østervold Toft valt ved akklamasjon

Nominasjonsnemnda si innstilling:

**22.** Ingebjørg Winjum, Voss

Ho presenterte seg kort.

**Vedtak:** Ingebjørg Winjum valt til heidersplassen ved akklamasjon

- *Endeleg godkjenning av vallista*

**Vedtak:** Vallista i valkrinsen er endeleg godkjent av nominasjonsmøtet

> Sjå heile lista på siste side i protokollen

## **Sak 6. Fullmakt til fylkesstyret om å supplere ved fråfall**

**Vedtak:** Fylkesstyret vert gitt fullmakt til å supplere vallista ved fråfall

## **Sak 7. Val av tillitsvalde for vallista**

**Vedtak:** Fylkesleiar Åsta Årøen og nestleiar Jan Henrik Nygård vert tillitsvalde for vallista

....

Listetopp Sveinung Rotevatn fekk ordet for ein appell til slutt.

*Møtet slutt kl. 13.40*

### Stortingsvalliste for Venstre i Hordaland valkrins 2021

1. Sveinung Rotevatn, (33) Stad
2. Ane Breivik, (22) Unge Venstre/Bergen
3. Geir Angeltveit, (32) Stord
4. Ingrid N. Fjeldstad, (37) Bergen
5. Petter S. Ulriksen, (44) Ullensvang
6. Agnes H. Bernes, (26) Alver
7. Børge Haugetun, (39) Øygarden
8. Miriam L. Seim, (25) Alver
9. Julie S. Andersland, (43) Bergen
10. August Simonsen, (23) Bergen
11. Heine Johansen, (35) Bergen
12. Åsta Årøen, (49) Bergen
13. Arild Raftevoll, (52) Askøy
14. Elin Seim, (39) Voss
15. Marius H. Hindenes, (19) Alver
16. Kjersti I. Vevatne, (50) Osterøy
17. Erlend A. Horn, (33) Bergen
18. Astrid Dale, (67) Bjørnafjorden
19. Geir Kjell Andersland, (72) Bergen
20. Vanja Espeland, (46) Bømlo
21. Kari Østervold Toft, (65) Øygarden
22. Ingebjørg Winjum, (68) Voss